



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Innovasjon Noreg, hovudkontoret

Dykker ref

Vår ref

Dato

08.01.2016

### 1. Økonomisk ramme stilt til disposisjon for 2016

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gir i dette oppdragsbrevet rammene til Innovasjon Noreg over kap. 552, post 72 og midlane som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for fylkeskommunale oppdrag på kap. 551, post 60. Departementet delegerer samtidig forvaltninga av denne ramma til Innovasjon Noreg.

KMD viser til Prop. 1 S (2015–2016) for departementet, Innst. 16 S (2015–2016) og til orienteringsbrevet datert 7. oktober. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552, post 72 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneholder presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

*Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2016.*

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
551	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling (til dekking av administrasjons- og gjennomføringskostnader)	46 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling (inkl. administrasjons - og gjennomføringskostnader)	178 700

Den samla økonomiske ramma til Innovasjon Noreg er i 2016 på 178,7 mill. kroner over kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling. Departementet gir også ramma som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadane for fylkeskommunale oppdrag

over kap. 551, post 60. I 2016 blir det sett av 46 mill. kroner som skal dekkje desse kostnadene. Midla blir overført direkte frå departementet til Innovasjon Noreg.

## **2. Mål for Innovasjon Noreg og andre fellesføringar**

Meld. St. 22 (2011 – 2012) Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF slo fast målstrukturen for Innovasjon Noreg. KMD viser til oppdragsbrevet for 2016 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar.

## **3. Føringar i oppdraget frå KMD**

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å styrke vekstkrafta, og sikre gode levekår i alle delar av landet. Regjeringa fornyar regionalpolitikken gjennom å ha ei breiare tilnærming, der utvikling av samspelet mellom byane og regionane omkring og betring av næringslivet sine generelle rammevilkår blir prioritert. Dette skal medverke til ei berekraftig regional utvikling - økonomisk, sosialt og miljømessig. Vidare målrettast den distriktpolitiske innsatsen ved å prioritere nærings- og bedriftsretta tiltak.

I Prop. 1 S (2015-2016) har departementet presentert målstrukturen for dei regional- og distriktpolitiske virkemidlane under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Dei nasjonale virkemiddelaktørane har ein sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

Virkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk skal stimulere til regional utvikling og styrke vekstkrafta i område der geografiske og demografiske føresetnader gir utfordringar for vekst og utvikling.

Oppdraget til Innovasjon Noreg under denne programkategorien skal vere knytt til departementet sitt hovudmål 1: *Auke verdiskapinga, sysselsettinga og eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv.*

I hovudsak skal midlane nyttast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Midlane skal vere utløysande for prosjekta som får tilsegn, samt vere i samsvar med regionale utviklingsstrategiar.

Departementet legg vekt på at prosjekta skal vurderast etter kvalitet. Innanfor desse rammene, er målsettinga at minst 40 pst. av dei direkte bedriftsretta virkemidlane skal nå fram til kvinner.

Midlane skal prioriterast innanfor rammene av retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, og bli forvalta på ein effektiv måte.

Innovasjon Noreg skal samarbeide aktivt med fylkeskommunane som regional utviklingsaktør og i partnarskapane på regionalt nivå, samt medverke i omstillingss prosessar.

### 3.1 Nærare om fordelinga av midlar under dei ulike målsetjingane

*Tabell 2. Fordelinga av ramma til Innovasjon Noreg over kap. 552, post 72 (i mill. kroner)*

Delmål KMD	Delmål IN	Saldert 2015	Budsjett 2016
1.1 Styrke konkurransekrafta for etablerte bedrifter	Fleire vekstkraftige bedrifter	28,2	24,7
1.2 Utvikle lokale og regionale næringsmiljø	Fleire innovative næringsmiljø	126,8	123,8
1.3 Auke talet på lønsame etableringar	Fleire gode gründerar	37,5	25,7
Analyser og profilering		5,3	4,5
<b>SUM</b>		<b>197,8</b>	<b>178,7</b>

Innovasjon Noreg har, som i tidlegare år, høve til å gjere mindre omdisponeringar mellom delmåla, men skal varsle departementet om større avvik frå oppdragsbrevet straks selskapet får kjennskap til det.

Departementet viser til dialogen om finansieringa av Bioraffineringsprogrammet og er samd med Innovasjon Noreg om at programmet òg i 2016, primært blir finansiert av overførte midlar.

Departementet vidarefører satsinga på omstillingssarbeid. Innovasjon Noreg skal vere eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingssarbeid.

Departementet ber Innovasjon Noreg om å halde fram ei integrert satsing hjå distriktskontora for å utvikle kommunane si førstelinjeneste for næringslivet. Departementet ber òg Innovasjon Noreg om å arrangere ein til to samlingar i 2016 med kompetansepåfyll for næringsutviklarar frå kommunal sektor. I dette arbeidet inngår kunnskap om behovet til etablerarar i innvandrarbefolkinga som ein naturleg del.

Innovasjon Noreg kan dekke tilsagn til etablerartilskot på Svalbard innanfor ramma på kap. 552, post 72.

Departementet vil ha dialog med Innovasjon Noreg om ei eventuell prøveordning for satsingsforslaget "Leverandørutvikling i distriktene". Mellom to og fem pilotprosjekt kan bli finansiert av overførte midlar.

#### **4. Administrative føringer**

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet til Innovasjon Noreg frå Nærings- og fiskeridepartementet for 2016. Felles rapporteringskalender for 2016 føljer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

#### **5. Andre administrative føringer**

##### Kommunikasjon og informasjon

Innovasjon Noreg skal aktivt synleggjere resultat selskapet har oppnådd innanfor politikkområdet, både overfor departementet og eksterne målgrupper.

Kommunikasjonsarbeidet i Innovasjon Noreg skal vere basert på statleg kommunikasjonspolitikk og gjeldande regelverk. Departementet ventar at Innovasjon Noreg tek kontakt med departementet om saker som politisk leiing kan medverke til å synleggjere.

Innovasjon Noreg skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av relevante utgreiingar eller rapportar som Innovasjon Noreg har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Innovasjon Noreg og departementet må følgjast.

##### Rapportering

Departementet ber om at Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten. Departementet ber òg om at relevante støttande analyser i MRS-systemet blir rapportert i årsrapporten.

##### Overføring av midlar

Departementet overfører midlane i tre delar: i februar, juni og oktober 2016. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2015.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Linda Sjåstad Andreassen  
seniorrådgivar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.*

##### Vedlegg

Vedlegg 1 Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72

Vedlegg 2 Krav, rapporteringsskjema og veiledar til statistikkrapporteringa for virkemidlane frå KMD

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Riksrevisjonen  
Oslo fylkeskommune  
Akershus fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune